



## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Namnenemnda	12.06.2012	010/12	TRNA
Giske formannskap	25.06.2012	098/12	TRNA

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
Trine Naadland	K1-, K2-L32, K3-&13	12/881- 2

### ENDRING I LOV OM STADNAMN - HØYRING

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.06.2012	ENDRING I LOV OM STADNAMN - HØYRING - NYUTSENDING	182454
01.06.2012	Lov om stadnamn 2012.doc	182974

#### Saksutgreiing:

Kulturdepartementet har sendt ut på høyring eit endringsframlegg til Lov om stadnamn, 1990 med høyringsfrist 1. august 2012.

Dei ønskjer å endre §6 i lova slik at det **skal** vere eigar eller festar som sjølv skal kunne avgjere skrivemåten av bruksnamnet på garden..

Etter dagens lovtekst i §6 har eigar eller festar rett til **å uttale** seg i saker som gjeld bruksnamn. Det stend også at ”Synspunkta til eigaren skal tilleggjast særskilt vekt”. Men dersom namnet fell saman med gardsnamnet, er det Statens kartverk som har vedtaksrett på skrivemåten av namnet. I §8 i lovteksten stend det at: ”Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk” ...”Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der



# GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

*gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.*” Grunnregelen i §4 seier at: ” ... **skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane** ”. Det er opna for unntak dersom det finst fleire uttalevariantar av eit namn som har svært stor utbreiing, eller der godt innarbeidde tradisjonar for fleire skriftformer. Ord som ”gardsnamn” og ”bruksnamn” er definert i §2 a og b og forklaringane til desse paragrafane. Eit gardsnamn er namnet på ei kulturskapt eining i terrenget med eitt gardsnummer, t.d. gnr 183 Valderhaug. Eit **bruksnamn** er: *namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer.*”, t.d. gnr/bnr 183/3 Nesgarden. Det ligg ei forståing av at det skal vere eigedomar som er knytte til gardsdrift i desse forklaringane, men det er ikkje sagt noko om det i klartekst.

Grunngjevingane for innskrenkinga av grunneigars rettar til å bestemme skrivemåten på bruksnamnet, er at stadnamna er viktige kulturminne slik det er definert i §1 Formål og virkeområde: ”... å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna. ...”

Grunngjevinga til Kulturdepartementet er bruksnamnet svært ofte er samanfallande med etternamnet til dei som bur på garden, og at framleggsstillarane og mange andre vil at gardsnamnet og etternamnet skal skrivast likt. Dette er grunngjevingar frå ei Innstilling S til Stortinget nr. 124(2008-200) som Stortinget slutta seg til. Departementet vurdere det slik at det er ulikt behov for namnevern for gardsnamn og bruksnamn og vil derfor endre §6, men legg til at brukaren då må kunne dokumentere offentleg bruk av namnet i den alternative skriftforma.

## Vurdering:

I kommentarane til Stadnamnlova utdjupar ein meininga med denne lova slik det er gjeve uttrykk for i Ot.prp. 42 1990. Til §1 skriv ein at ”*Stadnamn er immaterielle kulturminne*” og har såleis krav på vern. Det er ikkje skriftforma som er avgjerande, men det språkhistoriske, det kulturhistoriske og det busetjingshistoriske ved namna som gjer at det er viktig å take vare på dei. Men det er også viktig at skriftforma **ikkje** skygger for innhaldet. Det er spesifisert at skrivemåten skal byggje på den nedervde talemåten som har vore vanleg på staden. Dette seier oss at det er dei som har vore med og laga kulturarven som skal få bestemme over han.

Det peikar også på at stadnamna er ei felleseige

Som gardbrukaren ikkje forvaltar åleine. Stadnamna er noko me alle brukar, og alle har arva. Derfor er det rimeleg at det offentlege skal ha ei viss styring med dei. Likevel sikrar dagens lovtekst med forskrifter at eigar/festar skal ha stor påvirkingskraft.

Det er fleire problem med denne lovendringa.

### 1. Ulik skrivemåtar

Same namnet kan få svært ulik skrivemåte. Eit klassisk døme, er gardsnamnet Vik, som etter dagens reglar bare kan skrivast slik, Medan folk skriv namnet sitt på ymse vi som t.d.: Vig, Wiig, Wig, Wik, Wick.

Viss garden heiter Vik og også har 2 bruk som heiter Vik Så kan me få same gardsnamnet skrive Vik, Wiig og Wick. Det vil ikkje vere opplagt for alle at det er same staden.

### 2. Kva er eit gardsbruk?

Når sluttar eit bruk å vere bruk? Svært mange gardsbruk er i dag bare historiske i den forstand at det ikkje lenger vert drive gard der, og det vil det heller ikkje vere mogleg å gjere. Mest fordi mesteparten av innmarka er lagt ut til vegar og tomter, så det gamle bruket er 3-4 mål rundt tunet også mesteparten av utmarka. Skal grunneigaren likevel



ha rett til å bestemme bruksnamnet? Viss ikkje, når sluttar retten til å bestemme over skrivemåten av namnet? På Valderøya er det ikkje att ein einaste gard i drift, skal dei likevel få bestemme skrivemåten av namna?

### 3. Kva er offentleg bruk av ei skriftform?

Framlegget seier at grunneigaren må kunne dokumentere ein offentleg bruk av skrivemåten. Kva inneber det? Er det nok at det har vore skrive slik i den gamle matrikkelen? Eller er det slik presten skreiv i kyrkjeboka? Me veit alle at det var danske/danskutdanna embetsmenn som skreiv langt oppetter på 1800-talet, og dei skreiv svært varierende. Det er ma. derfor eit namn som Vik har så mange skriftformer. Lovframlegget har ingen klåre reglar for kva som er offentleg bruk av ei skriftform, så her opnar dei for svært mange tolkingar.

### 4. Ulik skrivemåte på gard og bruk

Lovframlegget seier også at det bare er bruksnamnet eigaren kan bestemme over, Dersom det er samanfall mellom gardsnamnet og bruksnamnet, skal det offentlege regulere skrivemåten av gardsnamnet, mens bruket kan ha same namn, men med ein annan skrivemåte. Døme Gnr. 1 Vik, gnr/bnr 1/1 Vik, gnr/bnr 1/2 Wick.

Det er også eit kjent problem at skriftmåten vil påverke uttalen, t.d. vil skrivemåten ”Wick” av mange bli uttalt ”vikk”.

### 5. Koplinga etternamn og gardsnamn

Departementet meiner at bruksnamna har ei særstilling i høve til andre stadnamn ettersom det er så mange etternamn som er kopla opp mot bruksnamna (høyringsnotatet pkt. 3.2). Dette er ei problematisk fråsegn. Personnamnelova er inga gamal lov i Noreg, fyrst i 1923 kom regelen om at alle skulle ha eit **etternamn**. Før den tid var det vanleg at: Du hadde eit namn t.d. Ola, så var du son eller dotter av ein mann t.d. Lars, og så budde du på Vik. Fullt namn vart då **Ola Larsson**, medan fullt namn og adresse vart Ola Larsson Vik. Dersom folk flutte frå eit bruka til eit anna, skifta dei ”adresse” t.d. Frå Vik til Haug slik at same personen plutseleg blir omatal som Ola Larsson Haug.. Dette vart endra med Namnelova i 1923, og frå då av har folk *faste* etternamn som er uavhengige av kvar dei bur. Og det er slett ikkje sikkert at etternamnet samsvarer med gardsnamnet.

Problemet kjem når det samanfall mellom gardsnamn/bruksnamn og etternamn. Då er dagens regel at folk skriv etternamnet sitt som dei vil, men det offentlege har retten til å normere gardsnamnet til gjeldande norsk rettskriving og ha bare ei skriftform av dette, dersom der ikkje ligg føre heilt særlege omstende.

Saksbehandlar ser ingen grunn til å endre dagens Lov om stadnamn på dette området. Lovframlegget vil lage vanskelege grensegangar og utløyse endå meir saksbehandling etter uklåre reglar. Ulike skrivemåtar, kan forvanske uttalen av namna. Det kan vere fleire eigarar av same bruk, med ulike meiningar om saka. Gardsnamn og bruksnamn er felles kulturarv og viktige lokalhistoriske kjelder som ingen einskildperson bør ha einerett på. Personnamnet er ei privatrettsleg sak, og det blir ikkje påverka av denne lova.

#### Rådmannen sine merknader:

Ingen kommentar

#### INNSTILLING:

Giske formannskap viser til grunngjevingane i saka og gjer slikt vedtak:



**GISKE KOMMUNE**  
6050 VALDERØYA

Lov om stadnamn av 1990 bør behalde §6 uendra.

### **12.06.2012 NAMNENEMNDA**

I møtet:

Nemnda drøfta lovendringsframlegget grundig. Det vart også påpeika at den føreslegne endringa ville innføre 2 motstridande prinsipp for skrivemåten av stadnamn i den same lova. Hovudprinsippet er at skrivemåten skal rette seg etter den ”nedervde lokale seimåten” og deretter norsk rettskriving, men så skal ein i nokon tilfelle plutselig fylgje ein gamal skrivemåte som er brukt av danskskrivande embetsmenn.

#### **SNN-010/12 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **25.06.2012 GISKE FORMANNSKAP**

#### **F-098/12 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes godkjend.